

Folketalet ned med 2

18.02.2010

Ved årsskiftet var det 2 færre uskedelingar enn for eitt år sidan. Folketalet var 1025 mot 1027 ved førre årsskifte. Talet ved utgangen av 2008 var 1037, så det held seg svært stabilt etter å ha passert 1.000 i 2006.

Ved årsskiftet var det registrert 13.174 kvinnheringar mot 13.106 for eitt år sidan, men 485 av dei var oppført med uoppgjeve bustad, meldar Grenda. Difor er det problematisk å trekka sikre konklusjonar. Kommunen antyder at registreringa ikkje har vore god nok.

Men talet 13.174 betydde altså at det hadde vore ein auke med 68 det siste året og talet er no det høgaste sidan 2000. Utanlandske gjestearbeidarar skal ikkje reknast med før dei bur i og skattar til Kvinnherad.

Det har utifrå statistikken vore ein nedgang på nesten 100 berre på Husnes og mellom andre dette talet blir det stilt spørsmålsteikn ved. Men kommunalsjef Kjell Odd Negård vel å tolka tala positivt og trur dermed at folketalet aukar.

Omvikdalen har ein nedgang med 4 til 699 og Bringedalsbygda ein auke med 6 til 579.

Av Ola Matti Mathisen